



Møte i Studentparlamentet

nr 3/24-25

Onsdag 22. januar 2025

Henrik Kaarstad 202

Kl 14.30-18.00

Matsservering kl 18.00

Møtestart kl 14.30

Saksliste

Sak 23 – 24/25:Godkjenning av innkalling og protokoll	3
Sak 24 – 24/25:Godkjenning av sakslista	4
Sak 25 – 24/25:Orienteringar	5
Sak 26 – 24/25: Val av representanter til SAIH vintersamling	6
Sak 27 – 24/25: Val av delegasjon til NSO landsmøte	7
Sak 28 – 24/25: Suppleringsval til Studentparlamentet	9
Sak 29 – 24/25: Mangel på blindeskrift	10
Sak 30– 24/25: Mangel på søppelsortering	11
Sak xx – 24/25:Eventuelt	12

Sak 23 – 24/25: Godkjenning av innkalling og protokoll

Type sak: Vedtakssak
Saksframleggar: Ordstyrar
Vedlegg: Vedlegg 1. Protokoll frå møte i Studentparlamentet 20.11.24

Namneopprop.

AU sitt forslag til vedtak:

Studentparlamentet godkjenner møteinnkallinga.

- Susanne og Landon (frå AU) blir valde til teljekorps for møtet
- Dersom ikkje fast ordstyrar er tilstades, kjem AU med forslag til ordstyrar for møtet.

Studentparlamentet godkjenner protokollen frå møte 20.11.24.

Sak 24 – 24/25: Godkjenning av saklista

Type sak: Vedtakssak
Saksframleggar: Ordstyrar

Eventuelle merknadar, tillegg eller endringar av saklista må meldast inn under dette punktet.

AU sitt forslag til vedtak:

Studentparlamentet vedtek fylgjande sakliste med dagsorden for møtet:

		Dagsorden for studentparlamentsmøte	*	Saksframlegg
14.30	23	Godkjenning av innkalling og protokoll	V	Ordstyrar
	24	Godkjenning av sakliste	V	Ordstyrar
15.00	25	Orienteringar	O	Leiar
15.30	-	Pause	-	
15.45	26	Val av representantar til SAIH vintersamling	V	Leiar
16.00	27	Val av delegasjon til NSO Landsmøte	V	Leiar
16.30	-	Pause	-	-
16.45	28	Suppleringsval Studentparlamentet	V	Velferdsansvarleg
17.00	29	Mangel på blindeskrift	V	Nestleiar
17.30	30	Mangel på søppelsortering	V	Nestleiar
18.00	xx	Eventuelt		
		Møteslutt, møtekritikk		

*V = vedtakssaker, O = orienteringssaker D = diskusjonssaker.

Tidspunkta i dagsorden er omtrentlege.

Sak 25 – 24/25: Orienteringar

Type sak: Orienteringssak
Saksframleggar: Leiar

AU orienterer om arbeidet i AU og kva som skjer i Studentparlamentet framover:

-Buddy week- norwegian night og welcome dinner, Internasjonal week.

- Voldabadet / VSI, Nytt AU, opplæringshelg,
Org torg, internasjonal-org-pris, Studentpris,
Informasjonansvalig skal orientere oppstart.

Info frå studentrepresentantar i råd og utval og tillitsvalde

LMU/Utdanningutvalget, forskingutvalget, og internasjonaltutvalget Landon

Info frå studentane i styret i SiVolda og Høgskulestyret

Info frå representantar i Studentparlamentet

Sak 26 – 24/25: Val av representanter til SAIH vintersamling

Type sak: Vedtakssak
Saksframlegg: Leiar

Studentanes og Akademikaranes Internasjonale Hjelpfond (SAIH) skal ha vintersamling fredag 21. til søndag 23. februar 2025. Samlinga tar plass på Kongsberg Vandrerhjem. Påmeldingsfrist: fredag 31. Januar.

SAIH gir studentdemokratia høve til å sende to deltakarar. Om det er ledig plass etter påmeldingsfristen, så kan det sendast. fleire delegatar

Forslag til vedtak:

Bakgrunn

Vintersamlinga er ein av dei årlege nasjonale samlingar som er open for lokallagsaktivistar, studentdemokratier, akademikerorganisasjonar og øvrige medlemmer av SAIH. Dette året blir det eit spennende program med fokus på vårens politiske kampanje om finansiering av høgare utdanning og effekten av skulepengsr og forberede til Årsmøtet 2025. Valgkomiteen vil være til stede for å svare på spørsmål angående det å stille til valg i SAIH. Mer informasjon om dette kommer snart på saih.no. Det blir en god blanding av faglige seminarer, kreative workshops og sosialt samvær.

Sak 27 – 24/25: Val av delegasjon til NSO landsmøte

Type sak:	Vedtakssak
Saksframlegg:	Leiar
Vedlegg:	Vedlegg 1 valreglement

NSO sitt landsmøte finn stad helga 28.-30. Mars i Tønsberg. For studentar som ikkje har delteke på landsmøte før, er det også tilbod om eit formøte 27. Mars i same lokale.

Studentparlamentet ved Høgskulen i Volda har 3 delegatplassar til landsmøtet.

Studentparlamentet vel 3 delegatar med digital stemmesystem. Blant disse velgjes ein delegasjonsleiar med same system.

Forslag til vedtak:

- **xxxxx, xxxx, xxx, velgast til delegatar til Landsmøtet 2025.**
- **Xxxx er vald til delegasjonsleiar**

Bakgrunn

Landsmøtet (LM) er Norsk Studentorganisasjon sitt høgaste organ, og det er her organisasjonen meistar ut sin nasjonale politikk og tek sine viktigaste avgjerder. Kva skal vere norske studentar sine viktigaste nasjonale kampsaker i året som kjem? Kven skal leie organisasjonen?

Landsmøtet blir arrangert som vårens vakraste eventyr kvart år, og består av representantar frå alle medlemslaga til NSO. LM er eit høgdepunkt i året i studentdemokratiet. Det er svært lærerikt, sosialt og spanande å delta på LM. Dei som reiser må rekne med lange dagar og mange saker å halde styr på, men også mykje energi og leven. Å treffe andre engasjerte studentar rundt om på andre institusjonar bidreg til nye impulsar, nettverk og erfaring å ta med seg vidare.

[NSO sine nettsider](#) har oppdatert info om landsmøtet og sakene som skal opp. Det er også mogleg å sende inn forslag til nye saker og resolusjonar. Frist for å melde på delegasjonen og sende inn forslag til saker er 14. februar. Endelege sakspapir blir sendt ut 28. februar. Det blir digital introduksjonswebinar 4. Mars kl 16-18 for innføring i sakene som skal diskuterast på LM.

Studentparlamentet i Volda har tre delegatplassar på landsmøtet, dette er regulert av vedtektene til NSO og studenttalet ved HVO og fordelt mellom medlemslaga. Delegatane får dekt alt av kostandar til reise og opphald gjennom NSO. Vi brukar å sende ei blanding av medlemmar frå AU og parlamentet.

Det blir valt ein delegasjonsleiar blant dei tre delegatane, denne personen fungerer som eit bindeledd mellom Studentparlamentet og NSO, mest om praktiske spørsmål. Delegasjonsleiaren har også ansvaret for å kalle inn til forberedande møter for å gå gjennom sakspapir til møte saman med delegasjonen. NSO har eit digitalt møte for delegasjonsleiarar 23.februar.

Sak 28 – 24/25: Suppleringsval til Studentparlamentet

Type sak:	Vedtakssak
Saksframlegg:	Velferdsansvarleg
Vedlegg:	vedlegg 2 – vedtektene Vedlegg 3 – valreglement

Studentparlamentet er sett saman av elleve faste studentrepresentantar. Av dei elleve faste representantane, skal åtte vere likt fordelt frå dei fire avdelingane. Kvar av dei fire røystar fram to representantar. Dette er regulert av vedtektene.

Alle registrerte studentar ved Høgskulen i Volda kan stille til val. Suppleringsval vert gjennomført etter behov. Studentparlamentet er valkrins.

Avdeling for Kulturfag har per i dag 1 representant. Difor er det foreslått at det gjennomførast suppleringsval.

Representanten som blir vald inn, får røysterett allereie frå dette møtet.

AU sitt forslag til vedtak:

- xxx og xxx vert vald som fast representant for AKF i Studentparlamentet 24-25.
- Får røysterett i dagens møte

Sak 29 – 24/25: Mangel på blindeskrift

Type sak: Vedtakssak
Saksframlegg: Nestleiar

AU sitt forslag til vedtak:

- Blindeskrift blir lagt til på skilt og utgangar på Høgskulen der det manglar.

Bakgrunn

Det har blitt lagt merke til at det er en mangel på blindskrift på mange steder rundt skolen, noe som kan føre til at skolen ikke er tilgjengelig for studenter med dårlig syn, eller at det kan være farlig i nødsituasjoner. Derfor er det foreslått at skolen legger til blindskrift ved utganger og skilter som allerede finnes rundt skolen for å vise rom informasjon. Dette vil bidra til bedre universell utforming på campus.

Blindskrift finnes veldig få steder rundt skolen akkurat nå, noe som kan føre til at både studenter, lærere og besøkende med dårlig syn ikke kan navigere rundt skolen for å finne det de er der for å gjøre, uten konstant hjelp. I tillegg er på de fleste utgangene knappen for å låse opp døren langt fra knappen for å åpne døren, og det kan være nesten umulig å finne den når det trengs. I nødsituasjoner kan dette føre til farlige situasjoner.

Sak 30– 24/25: Mangel på søppelsortering

Type sak: Vedtakssak
Saksframlegg: Nestleiar

Forslag til vedtak:

- Høgskulen plassar stasjonar der det manglar.

Det har blitt lagt merke til at søppelsortering mangler i kunstavdelingen, noe som fører til at søppel som kan sorteres, bare blir kastet i restavfallet. Derfor er det anbefalt at søppelsortering for glass, metall og plast blir lagt til i fellesområdene i Skaperverkstedet i kunstavdelingen.

Rundt hele skolen finnes det søppelsortering for å hjelpe til med å sikre at søppel som kan resirkuleres, blir resirkulert. Men i kunstavdelingen er det kun papir-sortering og restavfall, noe som fører til at store mengder resirkulerbart avfall blir kastet som restavfall.

Sak xx – 24/25: Eventuelt

Type sak:

Saksframlegg:

Møtekritikk etter formell møteslutt.